

Landslaget for lokalaviser

Årsmøte

17. mars 2022



Årsmøte i Landslaget for lokalaviser

Torsdag 17. mars 2022, klokka 17.00

Saksliste

1. Konstituering
Godkjenning av innkalling og stemmefullmakter
Val av møteleiarar
Val av referantar
Val av redaksjonskomité
2. Årsmelding for 2021
3. Rekneskap for 2021 og balanse per 31.12.2021
4. Strategi- og handlingsplan for 2022 og 2023
5. Fastsettjing av medlemspengar for 2023
6. Val
7. Landsmøte 2023



Årets lokalaviser: Dølen og Kyst og Fjord

Styrets årsmelding 2021

Sak 2

Etter eit vanskeleg 2020 var omme, hadde vi håpa verda ville bli meir normal i 2021, men koronaviruset har prega også dette året. Pandemien har vanskeleggjort arbeidet for lokalavisene, det periodevis nedstengte samfunnet har sterkt prega lokalavisenes arbeidskvardag og inntekter. Det var krevjande å driva lokalavis også før, men dei siste åra har vore heilt spesielle.

For mange avisar har det vore økonomisk vanskeleg. Annonseinntekter er gått tapt, særleg som følgje av avlyste arrangement over heile landet. Svakare økonomi i næringslivet får i tillegg konsekvensar for annonseringa i lokalavisene.

Etter at landsmøtet til Landslaget for lokalaviser (LLA) vart avlyst i 2020, var vi igjen optimistar i fjor, men dessverre måtte vi også i 2021 avlysa det som for mange er eit høgdepunkt i ein travel arbeidskvardag. Landsmøte med prisfest og fagleg påfyll måtte vika for smittefare. Samfunnet opna litt våren 2021, og vi kunne i det minste gjennomføra ei stilfull og flott markering med 40 personar på Hotel Christiania Teater i Oslo. Kyst og Fjord og Dølen vart kåra til Årets lokalaviser for dei to siste åra.

Med nedgang i annonseinntektene for dei aller fleste, har det vore svært viktig med auke i dei digitale brukarane. Storparten av avisene har opplevd auke i talet betalande nettbrukarar så lenge pandemien har vart.

Om den samla økonomien har vore under press tidlegare så har 2020 og 2021 vore ei enda meir krevjande øving. Avisene har spart der det har vore mogleg å spara og arbeidsmengda har vore enda høgare. Slik har det og vore for LLA.

Medlemstal

LLA har inneverande år kunna ønskja velkommen to nye medlemsaviser; Fredrikstad Tidende og Totens Blad. Sande Avis er gått ut. Ved inngangen til 2022 hadde LLA dermed 114 medlemsaviser, ein meir enn ved inngangen til 2021.

Økonomi

LLA hadde også i 2021 ein kort periode med litt permitting blant sine tilsette, men det har vore viktig å vera til stades med råd og hjelp til lokalavisene landet rundt. Mindre inntekter frå fysiske arrangement som landsmøte og kurs er kompensert av mindre reiseaktivitet og stram kostnadsstyring. Driftsinntektene var på totalt 6 660 458 kroner. Årsresultat etter finanspostar viser eit overskot på 130 776 kroner. Samla eigenkapital per 31.12.2021 er 2 314 218 kroner.

Årsoppgjeret syner at det er vilkår for vidare drift, at arbeidsmiljøet er godt og at verksemda ikkje ureinar det ytre miljøet meir enn det som er vanleg for denne typen organisasjonar.

Pressepolitikk og rammevilkår

Lokalavisene er grunnfjellet i det norske mediemangfaldet, og det historiske løftet i produksjonstilskottet til avisene våre er velfortent og nødvendig. Dette har LLA kjempa for i lang tid, og vi gler oss over at arbeidet ber frukter med det ekstra tilskottet frå og med 2020.

For LLA har det i ei usikker tid i samfunnet vore ekstra viktig å sikre lokalavisene gode og trygge rammevilkår. Ei spørjeundersøking LLA gjorde blant medlemsavisene i april gav klar tilbakemelding om at auken i produksjonstilskottet frå 2020 har vore heilt avgjerande for svært mange av lokalavisene. Dette løftet i tilskottet har gitt ressursar til å drive god journalistikk, som har vore viktigare enn nokon gong. Den flotte auken i produksjonstilskottet er også eit politisk signal om å satsa på lokalavisene. Valkampen før stortingsvalet hausten 2021 viste også at lokalavisene aldri har hatt meir politisk støtte frå eit stort politisk fleirtal.

For LLA var det viktig å følgje partia frå utarbeiding av program og gjennom valkampen for å gje informasjon og få forpliktande posisjonar for framtida. Vi opplever at LLA har nådd godt fram til partia, ny regjering og stortingsfleirtalet.

Som følgje av mediestøttelova skal Stortinget i 2022 vedta ein plan for mediestøtta for dei neste fire åra. Dette arbeidet starta for fullt tidleg i 2021 ved at Medietilsynet fekk i oppdrag å utarbeide ein rapport, og kome med forslag til både nødvendige endringar på grunn av digitalisering, endringsforslag på grunn av vurderingar av støttebehov og forslag til nye tiltak for å nå måla i mediepolitikken. LLA har vore aktiv overfor Medietilsynet i dette arbeidet.

Medietilsynet la fram sin rapport i desember 2021, og vi i LLA er i hovudsak positiv til konklusjonane og forslaga frå tilsynet. Her er lagt opp til ei vesentleg styrking av støtta til dei minste lokalavisene. Det er mellom anna foreslått ekstra tilskott til avisene med under 2000 i opplag, og ei ny eiga støtte til aviser med under minstegrensa i opplag dersom det er lite befolkningsgrunnlag.

LLA har arbeidd lenge for reduksjon i eigenandelen ved innovasjonstilskott, og dette er nå foreslått.

På den negative sida kjem at Medietilsynet foreslår å avvikle ekstra sats for produksjonstilskott i Nord-Norge. LLA meiner at det er lagt for lite vekt på dei ulemper demografi og klima har for økonomien i avisdrifta, Talgrunnlaget viser og at dei små lokalavisene i Nord-Norge jamt over har mindre både brukarintekter og annonseinntekter enn avisene i Sø-Norge. LLA vil arbeide for å vidareføre ekstra produksjonstilskott for avisene i Nord-Norge.

Medietilsynet har heller ikkje opna for produksjonstilskott for avisene med over 6000 i opplag. LLA vil arbeide for at dei avisene mellom

6000 og 12 000 i opplag som har svak økonomi også skal kunne få produksjonstilskott.

Som ein del av grunnlaget for planen for mediestøtte i framtida bad Kulturdepartementet om ei framskriving av medieøkonomien for 2023–2026. LLA medverka med tal, synspunkt og tekst i dette arbeidet som vart leia av MBL. Langtidsplanen for mediestøtte 2023–2026 skal vedtakast av Stortinget hausten 2022.

LLA arbeidde aktivt inn mot statsbudsjettet for 2022 og er nøgd med at produksjonstilskottet blir prisjustert og at det i tillegg vart vedtatt ei ekstra løyving som skal gå til lokalavisene. Dette gir ein viktig auke i minstetilskottet.

Arbeidet med å sikra Senter for undersøkende journalistikk (SUJO) og LLA ressursar til redaksjonelt samarbeid gav som resultat at SUJO får støtte frå 2022. Det bør bidra til å hjelpe lokalaviser med å løfta den undersøkande journalistikken.

LLA har vore i møte med kulturminister Anette Trettebergstuen som viste engasjement for medias rolle og situasjon, og gav håp om vidare styrking av lokalavisenes rammevilkår. I samband med statsbudsjettet var LLA i høyringsmøte med Stortingets familie- og kulturkomite og transport- og kommunikasjonskomite. Det har både før og etter valet vore kontakt med ei rekke enkeltpolitikarar og grupperingar på alle nivå. LLA har og jamn og god dialog med utveksling av informasjon, synspunkt og forslag med både Medietilsynet og byråkratiet i Kulturdepartementet og andre departement etter behov.



Årets lokalavis, hederlig omtale

Gjennom året er det og mange saker som gjeld rammevilkår der LLA tar initiativ eller blir beden om hjelp. Ei av sakene som har tatt mykje tid var at mange av dei minste lokalavisene fekk avkorting i produksjonstilskottet for 2021 etter at dei under pandemien hadde kutta kostnader og slik kom i strid med forskrift. LLA har gitt hjelp til desse avisene med å søka om unnatak slik at dei slepp avkorting. Svar på dette kjem i første del av 2022.

LLA vil til slutt få framheva at den største styrken til det norske samfunnet er at vi har høg sosial kapital med tillit til samfunnsinstitusjonane. Det gjer at vi har tillit til kvarandre som menneske. I sum er dette grunnlaget for demokratiet.

Utan journalistikk som set kritisk søkerlys på alle delar av samfunnet og redaktørstyrte media som trygge rom for alle til å ytra seg i, blir den sosiale kapitalen tappa og tillitssamfunnet vil gradvis forvitra. Kostnaden ved det er urekneleg økonomisk og utåleleg for livskvaliteten.



Årets lokalavis: Dølen

Distribusjon

Frå juli 2020 reduserte Posten frekvens for postomdeling til annankvar dag. I samband med dette arbeidde LLA særskilt aktivt saman med resten av mediebransjen for å få ei god kompensasjonsordning gjennom statleg anbodskjøp av distribusjon der det ikkje går avisbod, og dei dagane det ikkje er ordinær postomdeling. Målet var at alle skal få papiravisa også etter endringa.

Denne såkalla motsyklike løysinga vart vedtatt og sett ut i livet gjennom to anbod, eitt med Posten på kvardagar og eitt med Aktiv Norgesdistribusjon – som er aviskonsernas felles distribusjonsselskap – for laurdagar.

Etter oppstart viste det seg at det var mange adresser som ikkje gjekk inn i anboden. Det vart av bransjeorganisasjonane gjort eit stort arbeid for å få utvida anboda. Samferdselsdepartementet har heile tida vore positiv og det lukkast å få med dei aller fleste adresene. Det lukkast dessverre ikkje å få løyst alt, og dette arbeidet pågår kontinuerleg politisk og spesielt overfor Posten.

For LLA har det vore viktig å samla informasjon frå medlemsavisene om utfordringar i distribusjonen som enkeltaviser opplever, og spela dette vidare til aktørane, men også politisk, slik at Samferdselsdepartementet kan hjelpe til med å finne løysingar. I 2021 har LLA gitt innspel Samferdselsdepartementet som skal utgreie betydinga av lokalavisa og distribusjonen av papiravisa i framtida. Ikkje minst har det vore viktig å arbeide mot Postens ønskje om å redusera omdelingsfrekvensen til ein dag i veka. LLA framhevar at dette handlar om meir enn distribusjon av avis; det handlar også om rammevilkåra for busetnad og næringsliv i distrikta.

Sidan anboda i første omgang galdt til juli 2022 har det for LLA vore viktig å sikra ei vidareføring. Samferdselsdepartementet bestemte på slutten av året å nytta høvet i anboden til å forlenga med eitt år til juli 2023. Etter kontrakten kan anboden også utvidast med eitt nytt år til juli 2024, men det ser nå ut til å vera mest aktuelt å ta ein full gjennomgang i 2022 for å laga eit nytt anbod og opplegg frå 2023 og fleire år framover. LLA vil prioritera å arbeida for ei langsiktig løysing som strekker seg minst til 2026.

LLA har jamleg kontakt med distribusjonsselskapene i mediekonserna og dei uttrykker at det er store utfordringar med å klara å oppretthalda ein kostnadseffektiv distribusjon når papiropplaget fell, spesielt for dei større avisene. Det er eit vesentleg prispress på distribusjon, noko dei fleste av lokalavisene nå opplever i forhandlingar om distribusjonsavtale. Dette vil vera ein del av vurderingane om korleis eit nytt langsiktig anbod frå juli 2023 skal setjast saman.

Kravet for å få vilkår som avisdistribusjon er 48 utgåver i veka. Både sparetiltak under pandemien og digitaliseringa gjer at det for ein

del ikkje er mogleg; for andre ikkje ønskjeleg med papiravis kvar veke (48 utgåver i året). LLA har arbeidd mot Posten om å handtere frekvenskravet fleksibelt. Dette vil dei møta positivt når utgåveplan blir levert i god tid.

Marknads- og informasjonsarbeidet

Det har naturleg nok vore krevjande tider også for lokalavisenes annonseinntekter etter mange nedstengingar i samfunnet også det siste året. Når både varehandelen, kulturlivet og lag- og organisasjonslivet tidvis har mått stenga dørene og avlysa arrangement, fortel lokalavisene våre om tøffe tak. Når det er sagt: Gjennom hardt og kreativt arbeid ser lokalavisene ut til å ha klart seg bra det siste året – trass alt. Prognosane for annonsemarknaden i 2021 og 2022 er dessutan gode. Institutt for reklame og medier (IRM) reknar med at annnonseinvesteringane auka med 14 prosent i fjor – og vil veksa med ytterlegare dryge 5,5 prosent i 2022. IRMs prognosar for dei ulike mediekanalane tyder på at trenden vi har sett over lengre tid held fram; dagspressas omsetning går ned, nettannonseringa går opp.

Gjennom heile pandemien har LLA halde fram med idé- og erfaringsutveksling for marknadsmedarbeidarane i lokalavisene. I første halvdel av 2021 jobba vi også vidare med lokal handelaktivitetane – delvis for marknadsmedarbeidarane, delvis for redaksjonane. Vi har også pleidd kontakten med handelskjeder, mediebyrå og kommunale annonsørar. Dokumentasjonsarbeidet gjennom opplagstal, dekningstal og annan nøkkelinformasjon har også halde fram gjennom heile 2021.

Særleg det siste halvåret har LLA jobba mykje med å avklara korleis også dei små og uavhengige lokalavisene kan ta sterkare grep i den digitale annonsemarknaden. Tal frå Medietilsynets viser blant anna at fådagarsavisene i 2020 hadde knappe 22 prosent av driftsinntektene frå digitale kjelder. Lokale vekeaviser hadde berre 17 prosent av inntektene frå digitale kjelder.

Dei såkalla «papirinntektene» utgjer framleis over 75 prosent av avisenes samla annonseinntekter, når vi ser bort frå landets leiande dagsaviser. For lokale ukeaviser og fådagersaviser er andelen «papirinntekter» enda høgare; rundt 80 prosent. Dei små lokalavisene er dermed i ein svært utsett posisjon fordi dei framleis er så avhengige av inntektene frå papirutgåvene.

I lys av alt dette har LLA dei siste månadane brukt tid og pengar på å kartlegge moglegheitene gjennom digitale annonenettverk. I tillegg til å ha tett dialog med relevante fagmiljø, løfta vi også fram mange av desse utfordringane på LLAs Lokal & digital-konferanse på Flesland/Bergen i november.

I ei fersk medlemsundersøking blant LLAs medlemsaviser, kjem det også tydeleg fram at mange av avisene våre treng bistand og teknologi

for å henta digitale annonseinntekter gjennom annonsebørser og digitale annonsenettverk.

LLA ønskjer derfor å arbeida vidare med digitale annonseinntekter, eit arbeid som blir finansiert gjennom marknadskontigenten og forhåpentlegvis ekstern prosjektstøtte.

Opplag

Opplagstala viser at lokalavisene framleis står sterkt blant abonnementane og annonsørane. 2021 syner at avisene har teke med seg mange av dei nye abonnementane dei fekk i 2020 inn i det neste året. Opplagstala er nokså stabile frå det eine halvåret til det andre. LLA-avisenes samla opplag aukar med 0,5 prosent det siste halve året, det er det same som andre halvår i 2020. Avisene i LLA har no eit netto opplag på nesten 358 100. Dette syner tal frå Mediebedriftenes Landsforening og LLA. Opplagstala er dei einaste tala som følgjer pengestraumen i avisene, og slik er desse kontrollerte og godkjente tala eit viktig kvalitetstempel som avisene har god nytte av. Tala er dessutan viktige overfor annonsørar og lesarar. Opplagstala er også utgangspunkt for spreiingstala og husstandsdekningstala som LLA arbeider fram for medlemsavisene. Denne dokumentasjonen er til god hjelp mellom anna for mediebyråa.

I andre halvdel av 2021 var det avisene Dag og Tid, bladet Vesterålen og Vol.no som hadde størst vekst i nye abonnementar. Kulingen hadde størst prosentvis vekst.

Innovasjonsprosjekt

LLA har også i 2021 fått midlar til å hjelpe medlemsavisene i den digitale overgangen. Vi hjelper lokalavisene med å få på plass og utvikla gode nettavisar. Det er svært gledeleg at storparten av avisene som er medlemmer i LLA no har eit digitalt tilbod.

Heile 68 aviser deltok i Den store folkevandringa, det største redaksjonelle samarbeidsprosjektet som har vore mellom norske medium. I tillegg til lokalavisene sjølv er det LLA, NRK og Senter for undersøkende journalistikk som står bak prosjektet. 8. mars var det digitalt oppstartsmøte, opna av kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen.

SUJO leia redaksjonelle redaksjonsmøte underveis i prosjektet. Totalt 62 redaksjonelle medarbeidrarar deltok på desse møta, som dei første tre vekene vart halde kvar dag. 11. april kunne både aviser og NRK publisera innhald basert på research som var gjort. Totalt 68 av dei 99 avisene som hadde sagt dei var interesserte leverte innhald, og totalt var det over 700 saker i lokalavisene. Det er eit imponerande høgt tal som syner at «Folkevandringsportalen» og verkstadromma til SUJO gav eit solid grunnlag for å laga viktig innhald i lokalavisene landet rundt.



Kyst og fjord

Av dei som har laga innhald er det 43 aviser som ikkje har konsern i ryggen. Dette syner tydeleg at det er behov for og vilje til å laga innhald som dei ikkje ville klart åleine. Av dei 20 Amedia-avisene som er medlemmer i LLA var det heile 15 som deltok og laga innhald basert på «Folkevandringsportalen». Ti aviser frå Polaris brukte innhaldet, to tredjedelar av medlemmene frå Polaris.

NRK har i samarbeid med SUJO og LLA send inn metoderapport til SKUP med bakgrunn i alt innhaldet lokalavisene og NRK har laga.

I LLA ønskjer vi på det sterkeste å få til liknande prosjekt, gjerne med dei same partane. Dette vil vera ein stor fordel både for innbyggjarane og lokalavisene i ei tid der det er sterkt konkurrans om lesarane, og der mange aviser er pressa på tid og kapasitet. Då er det unikt å få servert research og ikkje minst læring i korleis avisene kan skapa godt innhald bygd på mange og gode kjelder. Vi i LLA håper derfor å kunne bidra på nytt, men vi er ein organisasjon med små ressursar. Skal vi bidra i denne type prosjektarbeid, er vi avhengige av ekstern finansiering.

Kurs- og kompetansetiltak

I fjor deltok minst 615 personar på kurs i regi av LLA. Sjølv utan landsmøte, der vi som oftast har minst 200 deltakarar på kurs, hadde vi i 2021 rekordmange lokalavismedarbeidarar på avisfaglege kurs.

I haust klarte vi endeleg å få til ein ny fysisk konferanse, og det med rekorddeltaking på konferansen Lokal & digital med over 110 deltakarar. Konferansen blei innleia med diskusjon om sosiale medium med Nils Petter Strømmen i Kantar, forfattar og lokalpolitikar Magnus Hoem Iversen og tre lokalavissjefar. Fredag var det føredrag mellom anna med Eirin Larsen, leiar for sosiale medium i Adresseavisen. Avisene Alvdal midt i væla, Avisa Lofoten, Vol.no, Hordaland, Nordhordland, Vest-Telemark blad og Dølen var mellom føredragshaldarane.

I mai arrangerte LLA fagdag på Pressens hus digitalt, der mellom anna Gard Michalsen gav lokalavisene gode råd til korleis dei kan lukkast digitalt. Etter konferansen ble videosuttar med råda publisert på nettsidene våre. Med midlar frå Medietilsynet sin innovasjonspott la vi også fram ei stor kartlegging av mediebruken til 20–40 åringer i alle LLA-avisenes dekningsområde.

Gjennom heile året hjelper LLA avisene med råd og rettleiing. Eitt av dei kanskje viktigaste kompetansetiltaka er LLAs idé- og kunnskapsbank. Her legg vi stadig inn nye gode døme frå avisene – både redaksjonelt, om marknaden og tekniske løysingar. Gjennom idébanken, som er open for heile mediebransjen, får avisene praktiske tips og gode idear. Vi har også planlagt og gjennomført kurs og kompetansetiltak for enkeltaviser og grupper av aviser.

Representasjon i råd og utval

LLA er representert i offentlege og institusjonelle utval der det blir arbeidd med rammevilkår. I 2021 har LLA vore med i følgjande råd og utval:

Tilskottsutvalet

Tilskottsutvalet er oppnemnd av Kulturdepartementet for å handtera forskriftene for produksjonstilskot. Hilde Eika Nesje, redaktør i Bø blad, representerer LLA. Rune Hetland, pressepolitisk rådgjevar i LLA, er varamedlem.

Offentlegheitsutvalet

Utvalet er sett saman av Norsk Presseforbund for å arbeida med offentlegheitsspørsmål og lovgjeving. Lokalavisene er godt representerte i offentlegheitsutvalet. Frå LLA-avisene er Elisabeth Berg Hass i Kvinnheringen med.

Norsk Presseforbund

I hovudstyret til Norsk Presseforbund møtest medieorganisasjonane for å drøfta pressesaker av særleg prinsipiell og publisistisk verdi. Presseforbundet er også sekretariat for Pressens Faglige Utvalg (PFU). Rune Hetland er LLA sin representant i hovudstyret, der LLA og Norsk Lokalradioforbund vekselvis er medlem eller møtande varamedlem.

Distribusjonsutval

Arbeidet med distribusjon: LLAs styreleiar Øystein Øygarden, til dagleg redaktør i Vest-Telemark blad, og LLAs pressepolitiske rådgjevar Rune Hetland utgjer LLAs ekspertgruppe knyta til distribusjon av avisar. Generalsekretær Tomas Bruvik er med etter behov.

Referansegruppa for mediemangfaldsregnskap

Medietilsynet oppretta i 2018 ei ny referansegruppe som skal støtte Medietilsynet i arbeidet med å få utarbeidd så god reiskap for mediemangfaldsrekneskap som muleg. Pressepolitisk rådgjevar Rune Hetland representerer LLA i dette arbeidet.

Bransjerådet

Bransjerådet er ein uformell, men viktig møteplass for organisasjonane i mediebransjen. Landslaget for lokalaviser, Mediebedriftenes Landsforening, Norsk Journalistlag, Norsk Redaktørforening, Norsk Presseforbund, Fagpressen og Norsk Lokalradioforund kjem saman for samtalar, organisering av samarbeid, tiltak, avklaring av posisjonar og andre bransjeaktuelle saker. Generalsekretær Tomas Bruvik og pressepolitisk rådgjevar Rune Hetland representerer LLA.

Styret

Det vart halde totalt fem styremøte, berre to av dei var fysiske styremøte, eitt i Oslo i juni i og eitt i Trondheim i oktober. Totalt 37 saker var oppe til handsaming.

Etter valet i juni 2021 er styret i LLA slik:

Styreleiar

Øystein Øygarden, Vest-Telemark blad

Nestleiarar

Tone Sidsel Sanden, Dølen

Camilla Skaar, Hordaland Folkeblad

Øvrige styremedlemer

Lillian Holden, Hallingdølen, Svend Arne Vee, Firdaposten, Knut Martinsen, Avisa Hemnes, Trude Hiller, Steinkjer-Avisa.

Varamedlemer

Reidar Hystad, Sunnhordland, Christopher Johansen, Vennesla Tidende, Liv Maren Mæhre Vold, Alvdal midt i væla.

Rekneskap for 2021

Sak 3

Navn	Regnskap 2021	Regnskap 2020	Regnskap 2019	Regnskap 2018
Medlemspenger	2 168 978	1 982 618	1 869 778	1 799 097
Fellesannonser	950 004	749 964	999 996	833 330
Salg Produkt & arbeid	239 932	255 336	237 809	268 966
Markedskontingent	477 551	538 119	481 783	487 400
Kurs og Landsmøte	486 183	615 335	1 666 975	1 899 562
Tilskudd Offentlige	655 000	640 000	525 000	760 000
Prosjektstøtte	1 490 932	1 807 000	2 541 850	328 050
Andre inntekter	191 878	76 750	151 971	100 000
<i>Sum inntekter</i>	<i>6 660 458</i>	<i>6 665 122</i>	<i>8 475 162</i>	<i>6 476 405</i>
Varekjøp	3 854 760	46 328	1 726 507	1 383 013
Lønnskostnader	224 473	3 941 734	3 392 555	2 670 574
Kostnader lokaler	366 041	245 073	262 937	202 893
Leiekostnader	170 020	129 354	72 276	69 815
Verktøy og rekvisita	24 483	83 688	123 163	119 812
Kjøp av tenester	681 327	900 086	1 421 891	987 681
Kontorrekvisita	217 061	207 980	394 213	205 148
Telefon, porto-frakt, tidsskrifter	83 755	73 397	53 596	52 638
Reisekostnad inkl. diett	536 930	437 372	848 375	432 083
Reklame, kontingenter	357 314	304 657	285 968	254 549
Forsikringer	12 935	6 165	5 755	20 398
Andre driftskostnader	7 918	33 356	7 942	31 949
Tap på fordringer	40 000	48 809	99 258	26 800
Avskrivninger	72 866	42 770	16 313	17 541
<i>Sum driftskostnader</i>	<i>6 649 883</i>	<i>6 500 769</i>	<i>8 710 749</i>	<i>6 474 894</i>
DRIFTSRESULTAT	10 575	164 353	-235 587	1 511
Finansinntekter	120 629	23 227	39 743	29 412
Finanskostnader	-428	-45 466	-525	-476
Ekstraordinære inn/kost				
SUM FINANS/EKSTRAORDINÆRE	120 201	-22 239	39 218	28 936
RESULTAT	130 776	142 114	-196 369	30 447
Dispositionar:				
Avset til prosjekt				
Avset til fri eigenkapital	130 776	142 114		30 447
Sum disponert	130 776	142 114		30 447

Balanse for 2021

Per 31.12.2021

Sak 3

	2021	2020	2019
Eiendeler			
<i>Anleggsmidler</i>			
Kontormaskiner, bygg, inventar o.l.	211 472	128 006	97 862
Aksjer	86 851	72 651	115 951
Andre langsiktige fordringer	175 877	27 702	27 702
<i>Sum anleggsmidler</i>	474 200	228 359	241 515
<i>Omløpsmidler</i>			
Kontanter, bank m.v.	4 405 762	4 122 820	2 445 136
Debitorer	192 043	785 252	753 173
Andre kortsiktige fordringer	43 632	149 134	106 091
Varebeholdning	18 450	20 450	21 950
<i>Sum omløpsmidler</i>	4 659 887	5 077 656	3 326 350
Sum eiendeler	5 134 087	5 306 015	3 567 865
Gjeld og egenkapital			
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld	106 136	129 129	126 918
Off. avgifter, skattetrekk m.m.	338 264	296 080	304 523
Annен kortsiktig gjeld	2 375 469	2 749 863	1 201 094
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>	2 819 869	3 175 072	1 632 535
Avsett prosjekt	50 000	50 000	50 000
<i>Egenkapital</i>			
Aksjonsfond	659 715	607 215	553 715
<i>Sum bundet egenkapital</i>	659 715	607 215	553 715
Egenkapital, fri	1 604 503	1 473 728	1 331 615
<i>Sum egenkapital</i>	2 314 218	2 130 943	1 935 330
Sum gjeld og egenkapital	5 134 087	5 306 015	3 567 865

Strategi og mål for LLA sitt arbeid i 2022 og 2023

Sak 4

LLAs strategi og handlingsplan skal vere oversiktleg og tydeleg styringsverktøy for styret og administrasjonen, frå overordna visjon og verdiar til langsiktige og kortsiktige mål.

Mål og strategi

Posisjon

Interesseorganisasjonen for lokalavisene i Norge.

Visjon

LLA skal vere den viktigaste organisasjonen for lokalaviser i Norge.

Verdiar

LLA skal fremje interessene til lokalavisene slik at dei har best mulege rammevilkår.

LLA skal medverke til at lokalavisene lagar gode aviser, og er solide bedrifter til beste for lokalsamfunnet dei skal tene.

LLA skal vere med på å setje høge kvalitetsmål for lokalavisene slik at medarbeidarane kan vere stolte av arbeidet sitt.

Mål, delt inn i fire oppgåveområde

1. Rammevilkår
2. Marknad og informasjon
3. Samfunnsoppdrag
4. Organisasjon

Langsiktige mål

1. Rammevilkår

LLA skal alltid fremje medlemmene sitt beste i møte med styresmaktene. Det skal skje på ein truverdig måte. LLA skal sikre rammevilkåra uavhengig av kven som sit i regjering og av stortingsfleirtalet. LLA skal kommunisere dette tydeleg til eigne medlem mer, eksterne medieobservatørar og samfunnet generelt.

2. Marknad og informasjon

LLA skal styrke omdømmet til lokalavisene. LLA skal styrke posisjonen lokalavisene har som mediekanal.

LLA skal gjere det tydelig for annonsørar og reklamebyrå at lokalavisa er ein effektiv annonsekanal.

LLA skal hjelpe avisene med større sals- og rådgjevingskompetanse.

LLA skal hjelpe med råd om digitale strategiar og val av gode samarbeidsavtaler.

LLA skal styrke eige omdømme som relevant.

LLA skal arbeide aktivt overfor enkeltaviser, spesielt konsernuavhengige lokalavisar for å hjelpe dei med å lukkast digitalt

3. Samfunnsoppdrag

LLA skal gjennomføre tiltak som hevar statusen til organisasjonen og lokalavisene.

LLA skal hjelpe avisene til systematisk kompetanseheving.

Landsmøta er den største fellesarenaen for kompetansebygging. I praksis skjer dette mellom anna ved å bruke kompetansen som finst i dei enkelte lokalavisene.

LLA skal arrangere kurs og gje råd til enkeltaviser gjennom eit nettverk av kompetansepersonar.

Gjennom konkrete prosjekt skal LLA setje dagsorden og vere premissleverandør for samtalens om dei digitale løysingane for dei minste avisene i framtida.

4. Organisasjon

LLA skal vere ein attraktiv presseorganisasjon å arbeide for. I ein bransje i kontinuerleg forandring må LLA ha til-gang til den kompetansen som medlemmene etterspør. I LLA-sekretariatet må det vere god grunnkompetanse innan avisdrift, pressepoltikk og marknad. Mellom dei tilsette bør det vere personar med lokalavisfagleg bakgrunn.

Kortsiktige mål for 2022 og litt vidare

1. Pressepoltikk

LLA skal vere synleg i den sentrale mediedebatten.

Arbeidet med å auka støtta til LLA sine medlemsaviser skal halda fram.

Politiske mål

Styrke lokalavisenes interesser i det politiske arbeidet generelt og søke samarbeid med andre bransjeorganisasjonar.

Konkrete mål

LLA skal arbeide for: Innføring av golv (minstesats) for produksjonstilskottet på eit nivå som gir eit viktig løft i produksjonstilskottet til lokalavisene. LLA skal arbeida for at aviser med inntil 12000 i opplag får produksjonstilskott, prioritert gjennom auka rammer.

Best mogleg distribusjon av lokalaviser er framleis viktig, gjennom samarbeid med distribusjonsselskap og Posten. Det må bli ei vidareføring av eksisterande distribusjonsløysing i minimum fem nye år.

Fritak eller i det minste frådrag for arbeidsgjevaravgift for redaksjonelle personalkostnader.

Skal hjelpe aviser i den digitale omstettingsprosessen organisasjon for lokalavisene.

2. Marknad og informasjon

LLA skal arbeide for å få fleire medlemmer spesielt blant lokalaviser som naturleg hører heime blant medlemsavisene.

LLA skal arbeida og sjå om det er mogleg å etablera eit annonsenetverk på tvers av uavhengige aviser og konsernaviser.

LLA skal formidle gode idear og kunnskap for å halde oppe eller auke inntektene.

LLA skal arbeide kontinuerlig mot mediebyråa.

3. Samfunnsoppdrag

LLA skal gjennomføre tiltak som styrker lokalavis- journalistikken, både i omdømme og lesar- marknaden.



Markedsprisen til Børmlø-nytt og Hordaland Folkeblad.

LLA skal gjennomføre kurs i journalistikk som har som mål at lokalavisene blir endå viktigare for lesarane, lokalsamfunnet og Norge. Dette gjennom kurs, idé banken og innhaldsprosjekt og satsing på undersøkande journalistikk. LLA må vidareføre det positive samarbeidet som var med NRK og Senter for undersøkende journalistikk, for i framtida klara å gjennomføra liknande prosjekt som «Folkevandringa»

LLA skal samarbeida med andre aktørar for at lokalavisene skal stå betre rusta til arbeid med gravande og undersøkande journalistikk.

LLA skal jobba aktivt mot utdanningsinstitusjonane med tanke på rekruttering av journalistar til lokalavisene.

LLA skal vidareutvikle konferansen «Lokal & digital».

4. Organisasjon

LLA Det er eit mål at sekretariatet skal besøke minst kvar fjerde medlemsavis kvart år, og kvart år ha vore i kontakt med kvar enkelt medlem.

LLA må søkja å få eigen støtte frå Statsbudsjettet, slik at organisasjonen kan halda fram å gjera eit særskilt viktig arbeid for lokalavisene i Norge.

Fastsettjing av medlemspengar for 2023

Sak 5

	2022	2023
Medlemspengar	475	475
Serviceavgift for aviser med omsetning 0–10 millionar kroner i året	9 300	9 400
Serviceavgift for aviser med omsetning over 10 millionar kroner i året	9 700	9 800
Eksemplaravgift etter godkjent opplag (inkludert digital betaling)		
Per eksemplar opp til 3000	2,05	2,10
Per eksemplar 3000–4000 (ny)	1,50	1,50
Per eksemplar 4000–5000	1,00	1,00
Per eksemplar over 5000	0,25	0,25
Opplagskontroll	1 600	1 600
Opplagskontroll for dobbeltmedlemmer i LLA / MBL	Utgår	Utgår
Innbetaling til aksjonsfond for aviser med ei utgåve i veka og oftare	500	500
Prosjektkontingent for aviser med omsetning 0–10 millionar kroner i året	3 000	3 000
Prosjektkontingent for aviser med omsetning over 10 millionar kroner i året	3 600	3 600
Marknadskontingent	2 %	2 %
To promille av annonseomsetnaden for føregåande år – maksimum kr. 7 000.		
Denne kontingensten har vore uendra sidan 2003.		

Avgrensing: Medlemspengane skal samla ikkje overstiga kr. 33 490 per år for ei enkelt avis.

Val av styre

Sak 6

Valkomiteen si innstilling

Styremedlemmer

Øystein Øygarden, Vest Telemark blad	Ikkje på val	1 år
Tone Sidsel Sanden, Dølen	Ikkje på val	1 år
Camilla Skaar, Hordaland Folkeblad	På val	2 år
Svend Arne Vee, Firdaposten	Ikkje på val	1 år
Lillian Holden, Hallingdølen	Ikkje på val	1 år
Knut Martinsen, Avisa Hemnes	Ikkje på val	1 år
Trude Hiller, Steinkjeravisa	Ikkje på val	1 år

Leiar

Øystein Øygarden, Vest Telemark blad	1 år
--------------------------------------	------

Nestleiar

Tone Sidsel Sanden, Dølen	1 år
---------------------------	------

Nestleiar

Camilla Skaar, Hordaland Folkeblad	1 år
------------------------------------	------

Varamedlemmer

1. Reidar Hystad, Sunnhordland	1 år
2. Liv Maren Mæhre Vold	1 år
3. Christoffer Johansen, Vennesla Tidende	1 år

Revisor

Deloitte	Alltid på val
----------	---------------

Forslag til valkomite frå styret

Hilde Eika Nesje, Bø Blad
Arve Skogen, Grannar

Valkomiteen

Asta Brimi

Landsmøte 2023

Sak 7





**LANDSLAGET FOR
LOKALAVISER**

Landslaget for lokalaviser

Skippergata 24

0154 Oslo

Tel 452 89 111

lla@lla.no

Org.nr. 969 970 864